



Byggmester Nilsen & Andersen AS
Sandviksveien 163 A
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5366 - 16/9786

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.04.2016

Førerels svar med trøng for tilleggsdokumentasjon - gbnr 196/159 Midtgård.

Kommunen viser til søknad om endring av løyve mottatt 22.03.2016.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.
Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Omsøkte mur langs veg er plassert i strid med regulert byggjegrense langs veg. Det er ikkje søkt om dispensasjon. Det ligg heller ikkje føre nødvendige teikningar, dvs målsette lengde- og tverrprofil, slik at vi kan ta stilling til søknaden. Det må vidare går fram av situasjonsplanen, ved innteikning av siktlinjer, at krava til sikt i avkjørsla er stetta. Nødvendig parkeringsareal må også visast på situasjonsplanen.
Dersom muren er plassert nærmere kommunalt VA-anlegg enn 4 meter vil tiltaket krevja dispensasjon frå kommunal VA-norm. Ved søknad om dispensasjon frå VA-norma må det gjerast greie for korleis muren er fundamentert.
2. Ved innsending av søknad om mellombels bruksløyve, jf søknad mottatt 13.07.2015, vart det ikkje gjort greie for avvik når det gjeld plassering av bygget. I søknaden vart det opplyst at det berre gjenstod mindre utanomhusarbeid før ferdigattest kunne gjevest. Den vedlagte kontrolldokumentasjonen for uavhengig kontroll viser heller ikkje avvik på dette punkt. Lindås kommune ber om redegjørelse på kvifor oppstått avvik på plassering ikkje er avdekkta tidlegare, og heller ikkje går fram av sluttrapporten til uavhengig kontrollerande.
3. Det er ved søknad om oppføring av bustad på tomta søkt om oppføring av bygg med kode 112, medan det av bygningsopplysningane i skjemaet og dei vedlagte teikningane, går fram av søknaden gjeld ei bueining. Oppført bustad er godkjend som einebustad og har fått kode 111 i matrikkelen



Kommunen forstår at det er tatt i bruk fleire bueiningar i bustaden. Før det vert gitt ferdigattest for tiltaket ber vi om at det vert gjort greie for tal bueiningar og om innsende og godkjende teikningar er i samsvar med faktisk situasjon. Det vert t.d. vist til at det ikkje er samsvar mellom planteikning for underetasje vedlagt søknaden, og det som er sendt inn av rørleggar.

Vi har også registrert at det er oppført tiltak på eigedomen som ikkje er omfatta av byggjeløyvet eller endringa som no er omsøkt. Dette forholdet må det også gjerast greie for.

4. Gjennomføringsplan mottatt 22.03.2016 er ikkje oppdatert i forhold til opplysningar gitt ved søknad om mellombels bruksløyve. Det vart her gjort greie for at føretaket Byggmester Karsten Strand AS sin ansvarsrett for uavhengig kontroll av våtrom og lufttettleik skulle gå ut då ansvarsområdet også var dekka gjennom føretaket Byggraad AS sine ansvarsrettar for uavhengig kontroll.
Gjennomføringsplanen må rettast.

Det vart i vedtak datert 04.08.2015 gitt mellombels bruksløyve for tiltaket på vilkår av at ferdigattest skulle liggja føre innan 31.12.2015. Når det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen, gjer vi merksam på at bruk av bygget ikkje lenger er lovleg.

Supplerande opplysningar må sendast inn snarast og seinast innan 13. mai 2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg føre.

Sakhandsamingsfrist

Tidsfristar for sakhandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggraad AS	Fleslandsvegen 235A	5258	BLOMSTERDALEN
Åsne Nyhavn Matre-Hosøy og Ragnvald Myre Hosøy	Naustdalslia 11	5915	HJELMÅS

Mottakarar:

Byggmester Nilsen & Andersen AS	Sandviksveien 163 A	5035	BERGEN
---------------------------------	---------------------	------	--------